




## Nye reglar for montering av vassmålar



Eksempel på vassmålar


### NYTTEVERDI I SAMSVAR MED KOSTNADENE

Den nye ordninga for montering av vassmålar i Fjell kommune blei vedteke i kommunestyret 17.12. 2015. Bakgrunnen for dei nye reglane er at nytteverdien med å montere ny vassmålar skal vere i samsvar med kostnadene. Særleg gjeld dette for eksisterande hus.

Vi har kostnadsrekna montering i ulike hus; gamle som nye, og det viser seg at kostnadane kan bli såpass store at dei ikkje lenger kan forsvare nytteverdien med vassmålaren.

[LES MEIR PÅ NESTE SIDE](#)

# Last ned vår tømme-kalenderapp!



Gå inn på App Store for iPhone eller Google Play for android, søk på FjellVAR, velg FjellVAR tømmekalender og last ned. Det første du finn i appen, er ein tømmekalender som vis deg kva som skal tømmast neste gong, samt når det skal tømmast. Om det er endringer i tømmingsa vil dette vise tydeleg på framsida av appen din. Du kan sjølv velje å slå på varsel, som vil minne deg om når du bør setje ut bosspanna. Desse varslane verkar uavhengig av om du har appen open eller ikkje.

## Gjenbruksstasjon og hyttecontainer

Ved hjelp av GPSen i din smart-telefon kan du finne nærmeste gjenbruksstasjon eller hyttecontainer. Dette vises i eit eiga kart inne i appen og lar deg enkelt finne fram til dei ulike interessepunktane.

## Opningstider gjenbruksstasjonen

Når du trykker på gjenbruksstasjonen, så kjem det fram opplysningar når den er open. Her visast også unntaka frå generelle opningstider ved til dømes ferieavvikling eller heilagdagar. Appen vis deg kor gjenbruksstasjonen er lokalisert. Appen har fargekodar der grøn farge betyr at stasjonen er open samt raud farge gjev informasjon om at den er stengt.

# Nytteverdi i samsvar med kostnadene

## NYE REGLAR FOR MONTERING AV VASSMÅLAR:

- Det er no frivillig for eksisterande bustader å montere vassmålarar.
- For bustadsameige/burettslag kan ein velje om ein vil ha ein felles vassmålar på hovudinntaket, eller om ein vil ha vassmålarar for kvar einskild bustadeining. Dersom ein går for det siste, må det og monterast målarar på alle kursar som går til fellesareal.
- Ein kan ikkje lenger samarbeide om ein felles vassmålar til eigedomar som har kvart sitt gards- og bruksnummer.
- Kombinerte bygg næring/bustad skal ha kvar sin målar.
- For bustader med godkjent rammeløyve før 01.01.17. er det gjort eit lite unnatak. Desse kan nesten sleppe vassmålar med mindre ikkje noko anna er sagt i skriv frå oss. Dei slepp ikkje heilt unna vassmålaren, men kjem inn under reglane for montering av fellesmålarar. Dette gjeld særskilt for større bygg med mange bustadeiningar, der ei evt. omprosjektering for å få plass til vassmålarane kan bli svært omfattande.

## Elles er reglane som følgjer:

- Alle nybygg med byggjeløyve etter 01.01.2013 skal ha vassmålarar.

## Vassmålaren

Vassmålarar vil bli kjøpt inn av FjellVAR. Desse må rekviserast ut av rørleggjar for kvart einskild nybygg. Målarane vil vere batteridrivne og fjernavleste. Målet er at abonnentane skal sleppe å rapportere inn målarstand. Målaren vil vere FjellVAR sin eigedom. Evt. øydelagt målar vil bli erstatta med ny. Leige av vassmålaren vil bli fakturert til abonnenten. For dei som er knyta til offentleg avløp, vil avløpsgebyret og bli fastsett ut frå vassforbruket.

Vassmålaren må vere lett tilgjengeleg for kontroll og utskifting. Han må i utgangspunktet plasserast slik at ikkje radiosignal blir hindra av større betongkonstruksjonar.

Vi reknar med å ha dei første vassmålarane klar til utlevering til hausten. Meir informasjon kjem før sommaren.



## Treng du nye posar og sekker?

Knyt ein blank plastpose på matavfallspannet ditt, så får du utlevert ein rull med bioposar til matavfall. Treng du plastsekker til hushaldningsplasten, legg du ein lapp på papirspannet ditt. Neste utlevering av plastsekker blir i mai måned. Du kan også få bioposar og plastsekker på gjenbruksstasjonen på Straume.



# Status utbyggingsprosjekt



## Bjorøy

På Bjorøy har vi bygd eit nytt høgdebasseng, rett ved skulen. Bassenget skal sikre stabilt trykk og sikker vassforsyning, og vart tatt i bruk i september 2015. Ved oppkjørselen til høgdebassenget er det etablert eit nytt punkt for hytterenovasjon og høve til å kaste papp og papir.

Prosjektleiar anbefaler abonnementar å ta turen opp og sjå på den fine utsikta!

## Steinsfjellet

På turvegen mellom Foldnes og Hjelteryggen held vi på å bygge eit høgdebasseng, bassenget vil bidra til stabilt trykk og sikker vassforsyning mot Foldnes/Straume området. Oppsett framdrift vil bassenget stå ferdig til hausten. Det vil pågå anleggstrafikk på turvegen på dagtid, og ein vil forsøke å gjere arbeida med minst mogeleg hinder for andre.

Viss du er ein av desse spreke turgåarane som nyttar turvegen, har vi plassert ein vasspost på toppen av den bratte bakken. Her det berre å tappe på drikkeflasken med friskt kaldt turvatn!



## Turøy

Det nærma seg kommunalt vatn på Turøy, vi venter på pristilbod på jobbane med sjøleidning og for arbeida på land. Vassleidninga vil kome inn i Turøyvågen, Sjøleidningen vil enda opp i eit ventilhus, for så å gå vidare i borehull opp til Kalvanesvegen, like over vegen for nummer 3. Dette vil være endepunktet for den kommunale leidninga.

## Kallestad

Like før nyttår sette vi på vatnet til Kallestadvika. Vassleidninga i første del av prosjektet er lagt opp til der bussen snur i Kallestadvika. Prosjekteringen vidare oppover mot Kallestad er i arbeid, vi håper vi kan komme i gong med arbeida hausten 2016. Planen er då å leggje leidningar så langt som Fylkesvegen går, samt litt til.



# Påskehelga 2016

Måndag 21. og tysdag 22. mars vil kontoret vårt i Lonavegen 20 vere ope frå kl. 08.00 – 15.00. Onsdag 23. mars vil kontoret vere stengt.

## Gjenbruksstasjonen vil ha følgjande opningstider

Laurdag 19.3.	09.00 – 16.00
Måndag 21.3.	10.00 – 19.00
Tysdag 22.3.	10.00 – 15.00
Onsdag 23.3.	10.00 – 15.00
Torsdag 24.3.	Stengt
Fredag 25.3.	Stengt
Laurdag 26.3.	Stengt (påskeaftan)
Måndag 28.3.	Stengt



## Endra tider for avfallshenting

Enkelte stader vil få nye hentetider for avfallet. Desse står oppført nedanfor. Alle andre henteruter går som normalt.

SONE	STAD	AVFALLSTYPE	NY HENTEDAG
13	Bjørøyna	Restavfall Matavfall	Tysdag 29.03.
18	Straume utan Straumsfjellet	Restavfall Matavfall	Tysdag 29.03.
5	Åttringen, Grunnavågen og Larslia	Restavfall Matavfall	Tysdag 22.03.
10	Foldnes, Anglavika og Vågo	Restavfall Matavfall	Tysdag 22.03.
1	Trengereid, Kallestad, Dala, Tellnes, Haganes og Fjell gard sør for vegkryss ved kyrkja	Restavfall Matavfall	Onsdag 23.03.
6	Åse, Skoge, Møvika og Skålvikka	Restavfall Matavfall	Onsdag 23.03.
9	Bildøybakken og Kolltveit	Papiravfall Plastavfall	Måndag 21.03.
10	Foldnes, Anglavika og Vågo	Papiravfall Plastavfall	Tysdag 22.03.
11	Ulveseth, Nordvika, Neset, Ekren, Kleivane og nordre del av Fjell gard til vegkryss ved kyrkja	Papiravfall Plastavfall	Onsdag 30.03.

## Vi gratulerer vinnaren av julequiz'en

Randi Dahle  
vann  
to kino-  
billettar!



## Elektronisk faktura

Send oss ein e-post på [postboks@fjellvar.as](mailto:postboks@fjellvar.as) om du ønskjer elektronisk faktura på e-post. Nytt gjerne e-faktura eller AvtaleGiro.

## Merking av spann

FjellVAR er snart i mål med å merke alle bosspanna i Fjell kommune. For å koma i hamn med å merke dei spanna som står att på enklast mogleg måte, ber vi om at alle sjekkar sine spann og merke. Om spannet ditt manglar klistermerke med adresse og strekkode, ta kontakt på e-post [postboks@fjellvar.as](mailto:postboks@fjellvar.as) eller tlf. **56 31 59 30**.

## PAPIR OG PAPP

Vi minner også om at kundane våre kan få eit 240 liters spann til papir og papp i staden for 140 liter. Bytte av spann gjer vi utan ekstra kostnad for deg. Ta kontakt så bytter vi spannet ditt!

## Ny leverandør

FjellVAR har signert ny avtale for innhenting og transport av hushaldningsavfall med RenoNorden AS. Kontrakten er gjeldande frå 1. juni 2016, og vil medføre nokon endringar i soneinndeling og ruter samanlikna med i dag. Meir informasjon om desse endringane kjem etter kvart.

FjellVAR samarbeidar med Øygarden kommune og BIR på denne innsamlingskontrakten for å sikre gode prisar og gode innsamlingstenester i Fjell kommune.

## Følg FjellVAR på Facebook og få oppdatert informasjon!



Nokon har kasta  
avfall frå seg  
i skogen opp mot  
Bildøybakken!

Vi i FjellVAR synes ikkje noko om slik forsøpling!  
Det er ein kjempefin gjenbruksstasjon på Straume  
for slikt avfall.

Vi har sjølv sagt vore ute å rydda!

Grafisk produksjon og trykk: Bodoni AS. Trykket på 100 % resirkulert papir



**FJELLVAR**  
VATN AVLØP RENOVASJON

## Fjell vatn, avløp og renovasjon AS

Lonavegen 20, 5353 Straume  
Telefon: 56 31 59 30  
Telefaks: 56 31 59 31

Vaktelefon: 917 29 717  
E-post: [postboks@fjellvar.as](mailto:postboks@fjellvar.as)  
[www.fjellvar.as](http://www.fjellvar.as)

